



Kristian Bringedal og Anne Christine Bogegård klare for opphenging av Hardeland-måleri på Rød fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Responsten på oppmodinga til primus motor og kultursjef Kristian Bringedal om å melda inn måleri av Magnus Hardeland (1905-1982) til utstillinga på Bygdetunet Rød søndag har vore svært stor. Dette er ein hovudpost på programmet under den tradisjonelle museumsdagen,**

Då opphenginga starta fredag hadde Bringedal og kulturkonsulent Anne Christine Bogegård 29 eksemplar klare. Dei viser i høg grad spennvidda til denne allsidige kunstnaren.

Det er 26 måleri, ei teikning (Sivletunet på Stalheim), kommuneskjold og kommunevåpen for Kvinnherad og fana til Husnes Mannskor som blir å sjå på Rød.

Det er mest landskap og gardar og vi nemner i fleng regn i fjellet, solnedgang, hytte i Månedalen på Sunde, Gravdal skipsbyggeri, gardane på Haugland i Uskedalen, tun på Haugland i Uskedalen, aurefiske på Mannsvatn, tunet på Dønhaug i Uskedalen, landskap på Våge på Sunde, Øvre Røyrvik på Sunde, tunet på Bjelland på Sunde, Opsongervatn mot Husnes, Treo-tunet på Sunde, Mannsvatn og Nåso i Uskedalen og tun i Boksnes.

Utstillinga vil omfatta portrett av Margreta og Sigurd Dønhaug, Knut Markhus, Ragnvald Vaage, Lars P. Haugland, Konrad Lunde (også på Mannsbu i Uskedalen) og Sivert Kjærland.

Det er tydeleg at Hardeland for det meste måla frå Uskedalen og utover då han var i Kvinnherad. Det var først og fremst i denne delen av kommunen han hadde kontaktane og omgangskretsen sin og som igjen leia til målerioppdrag.

Av Ola Matti Mathisen



Ragnvald Vaage var ein av dei kjende kvinnheringane som Magnus Hardeland måla. (Foto: Ola Matti Mathisen)